

”Uskedalen er ei perle for klatring”**23.07.2006**

”Når det gjelder klatring så er Uskedalen ei perle”, skriv friluftsavdelinga i BSI (Bergensstudentenes Idrettslag) – på heimesida si. Dei fleste medlemmene er studenter frå universitetet og høgskulane i Bergen. I innbydinga til eit weekendopphald i basecamp i Uskedalen i juni i år peika BSI Friluft på at ein i vår dal finn fire opptil 600 meterhøge veggjar som byr på fast og fin svaklatring.

Bergen Klatreklubb har også i mange år satsa på Uskedalen og Ulvanåso. For eitpar år sidan vart BKK utseld for den spesielle Uskedalsføraren. Sidan den gamle hadde atskillige feil og manglar, sette klubben i gong med å samle inn betre og meir informasjon om rutene og dette arbeidet er framleis i gang. No manglar det oppdatert informasjon for rundt 25 ruter.

Målet med ein ny uskedalsfører er å få den opp på samme nivå som dei andre klatreførarane til BKK.